



1



2



3



4



5

1 CLAUS KLAR FOR NYE ROLLER: Etter stor suksess med framsyninga «Evig ung» på Hordaland teater, er Claus Sellevoll no klar for nye roller i den musikalske vestlandskroniken «Heim» på same teater. **FOTO: HORDALAND TEATER** **2 STERK FORMIDLAR:** Claus Sellevoll er også ein sterk formidlar av t.d. Olav Nygård sin lyrikk. **FOTO: ARTHUR KLEIVELAND** **3 VAREMERKE:** Strilahumor er Claus Sellevoll sitt varemerke. Her frå ei framsyning under kystsogevekeane med Cato & Claus. **FOTO: ARTHUR KLEIVELAND** **4 LA DEI LEVA EVIG:** Framsyninga «Evig ung» fekk svært gode kritikkar, mellom anna i Bergensavisen; «La gjerne «gamlingane» i «Evig Ung» på Logen Teater leve evig!» **FOTO: HORDALAND TEATER** **5 VESTLANDSKRØNIKE:** Sellevoll har ikkje fått manuset til «Heim» i hendene enno. Sellevoll fortel at det er eit stjernelag av forfattarar, vestlandske stemmer som Frode Grytten, Ragnar Hovland og Finn Tokvam, som er i sving med å skriva den nye storsatsinga – ei musikalsk vestlandskronike. **FOTO: HORDALAND TEATER**

Teatersuksess for Claus – no vender han «Heim»

Den siste månaden har Claus Sellevoll spelt «Evig ung» og har saman med resten av ensemblet hausta strålande kritikkar. No går lindåsingene laus på nye roller på Hordaland Teater, i ei framsyning som har fått tittelen «Heim».

REPORTASJE

- **EG** trur vi har lukkast så bra med «Evig ung» fordi vi har teke gamlingane våre på alvor og klart å spela situasjonane som oppstår reine, slik at det ikkje blir eindimensjonale revyfigurar. Smertepunkta er mange, og det burleske og svartkomiske ligg i nær kvar einaste situasjon - så eg tenker det handlar om å ta fat i alvoret, seier Claus Sellevoll.

SELLEVOLL KAN sjå tilbake på 17 framsyningar med «Evig ung»-førestillinga på Hordaland Teater. Her hadde han ei rolle som eigentleg er tufta på ein gamalhippie. Ein halvsky type, fredeleg, men som er oppteken av fridom og som ikkje går av vegen for eit opprør når overformynderiet går på helsa laus.

- Eg er 84 i denne rolla, men livsviljen er den same som då eg var 20. Men skroget er meir rustent, og det går lenger tid med å ta seg inn att etter store kraftprøvar, fortel Claus.

DET HAR hagla med rosande kritikkar for «Evig ung»-framsyninga. Bergensavisen skriv følgande: «Et lynnedslag av musikalitet, humor og overbevisande skuespill. La gjerne «gamlingane» i «Evig Ung» på Logen Teater leve evig!»

DETTE SKREIV Firda sin melder tidlegare i år: «... Claus Sellevoll si tolking av «Kor e alle heltar hen» er betre enn originalen, og det kan ein nesten og seie om hans framføring av Ivar Medaas og «Ver du glad i den nasen du har». Lukkar du auga, høyrer du Ivar Medaas. Både røysta hans, og ikkje minst den groovy fraseringa han var ein meister på.....»

- Vi har fått tilbakemelding på at vi har lukkast med å gjera denne

framsyninga til vår eigen ved å tilføra lokale poeng og låtar frå Vestlandet, fortel Sellevoll.

CLAUS SELLEVOLL har vore i aksjon på mange scener i sommar og haust og hausta mange lovord. Claus & Cato var i aksjon med fleire framsyningar med sitt kystsose-show. Han spelte rolla som skurken «Pizzatrynet» i «Knutsen & Ludvigsen - og den fæle Rasputin» på Fyllingsdalen teater.

HAN VAR konferansier og leia songkvelden saman med Christine Gulbrandsen under «Allsang på Torgallmenningen under sykkel-VM. Og under Rune Alver sin jubileumskonsert i oktober fekk han saman med jubilanten gjort ein «prøveklut» på stoffet til lyrikaren Olav Nygard.

«Eg er 84 i denne rolla, men livsviljen er den same som då eg var 20. Men skroget er meir rustent, og det går lenger tid med å ta seg inn att etter store kraftprøvar»

CLAUS SELLEVOLL

HAN HAR også forteljarstemma og har vore manus-bidragssytar til IUA (Idrett utan alkohol) sin nye kampanjefilm som skal visast på TV2 1. juledag.

MEDAAS-PARODIAR OG strilehumor har vore hans varemerke, som han har gledd bymann og stril med i mange år. No er han vorte eit heitt namn også på teateret sine «skrå breidder». Ikkje før er han ferdig med «Evig ung», som har

han fått tilbod om å vera med i førestillinga «Heim» på Hordaland Teater.

- Klart det er utruleg kjekt å få gode tilbakemeldingar og nye prosjekt å gå laus på, seier Sellevoll.

HAN HAR ikkje fått manuset til «Heim» i hendene enno. Sellevoll fortel at det er eit stjernelag av forfattarar, vestlandske stemmer som Frode Grytten, Ragnar Hovland og Finn Tokvam, som er i sving med å skriva den nye stor-satsinga - ei musikalsk vestlandskrønike. I første kapittel får vi vera med rundt om i vårt eige fylke i åra 1965-75.

- Eg skal gjera ulike tekstar og roller. Tekstane er som noveller, synga skal eg også, fortel han.

KVA RØRTE seg i Hordaland, i hordalendingen sitt blikk på seg sjølv og på verda omkring oss?

-Publikum vil verta invitert til å minnast hendingane, songane og livet den gongen. I eit leikent teaterspråk flyttar vi oss frå Mongstad til Ulvik, frå Askøyferja til Vossevangen og midt i alle hendingane står Voksne Herrer Orkester med eit solid soundtrack som tek oss tilbake, fortel Sellevoll.

CLAUS SELLEVOLL er svært glad for at Hordaland Teater endeleg er komme til bydn, etter å ha vore på Stend sidan Anne Gullestad starta det heile for snart 30 år sidan.

- Vestlandet fortener eit nynorsketeater midt i Bergen sentrum. Og med ein vestnorsk profil på Hordaland teater vil både nynorsken og dialektane våre bli tatt på alvor. Det synest eg er viktig, seier Sellevoll.

ARTHUR KLEIVELAND

Tekst

FUNFACTS FRÅ TIDSPERIODEN 1965-1975

I 2018 er Hordaland teater klar med framsyninga «Heim». Første del av den musikalske vestlandskrøniken omhandlar tidsperioden 1965-1975, og er ei reise i fylket, frå Mongstad til Ulvik, med Sellevoll i ulike roller.

Her kan du kosa deg med nokre fakta frå nettopp desse åra, sett med lokale briller.

1975: Oljeraffineriet vert sett i drift av Statoil. Vestlandsduoen (Kari og Ivar Medaas) ligg tre veker på Norsktoppen med «Ver du glad i den nasen du har».

1974: 21. oktober syter sindige, strie strilar på Lindåshalvøya for at det aldri vert bygd noko atomkraftverk her heime. Då stogga framdrifta av alle kjernekraftplanar i Noreg, skrinlagde av Stortinget i 1975 (Kjelde og sitat: Oddny Miljeteig). Knarvik sjukeheim står ferdig. Bergen Nordhordland Trafikklag (BNT) og Indre Nordhordland Dampbåtlag (INDL) går saman og danner Bergen Nordhordland Rutelag (BNR). Første nummer av Avisas Nordhordland kjem ut.

1973: Salhuskvintetten opptrer offentleg for siste gong i programmet «Husker du» og har seld totalt 160 000 plater sidan platedebuten i 1962. Monrad Holm Johnsen held fram med å laga viser saman med tekstforfattar Josef G. Larssen, m.a. for Kari og Ivar Medaas, 3 Busserulls og Stanley Jacobsen.

1972: Dei fem kommunane Arna, Bergen, Fana, Laksevåg og Åsane vert slått saman til Bergen kommune.

1971: Sæbø Idrettslag og Radøy Idrettslag slår seg i lag og vert til Radøy/Sæbø idrettslag.

1970: Ferjesambandet Steinestø-Knarvik er mellom Noregs mest trafikkerte. MF Radøy vert sett inn på ferjesambandet. Morild kafé på Steinestø er populær og kjend for god mat.

1969: Ekofisk er det første oljefeltet på norsk sokkel. Planane om bru over Salhusfjorden skyt fart, og det vert avgjort at bilstane skal fortsetta å betale bompengar gjennom ferjesambandet Steinestø-Knarvik. Sverre Helland (SP) vert valt inn på Stortinget frå Hordaland. Ivar Medaas har rolla som lensmann i den første Olsenbanden-filmen «Operasjon Egon».

1968: Kronprins Harald gifter seg med Sonja Haraldsen.

1967: Vietnam-krigen herjar vidare. Knarvik gymnas er eit faktum. Norge søker om medlemskap i EEC, seinare EF, no EU. Bergen Nordhordland Trafikklag (BNT) tek over ferjekonsesjonen både på Salhus og Steinestø. Ivar Medaas deltek for andre gong i den norske Melodi Grand Prix og får ein femteplass.

1966: England vinn fotball-VM på heimebane. Slåmaskiner og tohjulstraktorar frå Knut Skurtveit på Bryggen lettar arbeidet for småbøndene på bygdene.

1965: Per Borten frå Senterpartiet vert Norges statsminister og set fram til 1971. Geofysikaren Markvard Sellevoll frå Alversund kartlegg olje utanfor norskekysten. DS Alversund vert teken ut av rute til Bergen som den siste dampbåten. Nordhordland Yrkesskule og Knarvik handel opnar.